

## Reguleringsplan for planovergangstiltak Vik (Kvam)

---

Reguleringsføresegner  
Detaljregulering

PlanID 343620200004

### 1. Føremålet med planen

---

Føremålet med detaljreguleringsplanen er å legge til rette for å stenge to usikra planovergangar på Dovrebana km 275,333 og km 275,635, ved Vik i tettstaden Kvam. Det skal leggast til rette for å utvide og oppruste tilkomstveg (610 m) med møteplass sør-vest for jernbana. Vegen vert utvida fram til Industrivegen i nord, som vidare fører til undergang nord for Kvam stasjon (ca. 1,8 km nord-vest for planovergang 275,333)

### 2. Reguleringsføremål

---

#### § 12-5. Nr. 2 Samferdsel og teknisk infrastruktur

2010 – Veg (SV)

2019 – Annan veggrunn – grøntareal (SVG)

2021 – Trase for jernbane (o\_STJ)

#### § 12-5 Nr. 5 Landbruks-, natur- og friluftsføremål

5100 - LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden (LNFR)

#### Føresegnområde

Midlertidig bygge- og anleggsområde (#1)

### 3. Fellesføresegner for heile planområdet

---

#### 3.1 Istandsetting og revegetering (§12-7 nr. 4)

Etter avslutta anleggsperiode, og seinast i løpet av første sommar etter at vegen er opna for normal trafikk, skal alle område som det har følgjer for revegeterast, setjast i stand og tilbakeførast til det føremålet som er vist på planen. Det skal leggast opp til naturleg revegetering der dette er føremålstenleg.

#### 3.2 Aktsemrd for kulturminne (§12-7 nr. 6)

Dersom det i samband med tiltak i marka blir oppdaga automatisk freda kulturminne som tidlegare ikkje er kjent, skal arbeidet stoppast i den utstrekning det får følgjer for kulturminna eller

sikringssoner på fem meter. Det er viktig at dei som utfører arbeidet i marka gjerast kjent med denne føresegna. Melding om funn skal straks sendast til Innlandet fylkeskommune jf. lov om kulturminner § 8, annet ledd.

### **3.3 Støy (§12-7 nr. 3)**

Støy frå bygge- og anleggsarbeid skal følge anbefalingar i T-1442:2016 kapittel 4. Støygrenser i nemnde kapittel gjerast gjeldande og skal ligge til grunn for gjennomføring av bygge- og anleggsarbeid.

### **3.4 Krav om undersøkingar før/ved gjennomføring av planen (§ 12-7 nr. 12)**

Før anleggsstart skal det undersøkast om det finast viltveksande svartelista/framande arter innanfor planområdet. Dersom det vert gjort funn, skal det utarbeidast ein tiltaksplan som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å hindre spreiing.

## **4. Føresegner for arealformål**

---

### **4.1 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)**

#### **Veg (SV)**

SV er privat tilkomstveg og skal opparbeidast etter standard for landbruksveg klasse 3 i "Normaler for landbruksveier" (Landbruks- og matdepartementet, mars 2013).

Vegen skal leggjast så høgt som mogleg i terrenget for å redusere skadar som følgje av flom.

#### **Annan veggrunn – grøntareal (SVG)**

Arealet kan nyttast til skjering, fylling, grøfter, rekkverk, murar, skilt, stolpar og andre installasjoner som naturlig høyrer veganlegget til.

#### **Trase for jernbane (o\_STJ)**

Innanfor området tillatast jernbanelinje og oppføring av bygg og installasjoner som er nødvendig for drift og vedlikehald av jernbana.

### **4.2 Landbruks-, natur- og friluftsføremål (§ 12-5 nr. 5)**

#### **LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksem basert på ressursgrunnlaget på garden (LNFR)**

Det tillatast ikkje oppført bygningar ut over det som er knytt til vanleg landbruksdrift.

## **6. Føresegner til føresegnområder**

---

### **Midlertidig bygge- og anleggsområde (#1)**

Bygg- og anleggsområdet langs tilkomstvegen er midlertidig. Føresegnområdet opphøyrer når kommunen har fått melding om at anlegget er ferdigstilt.

Området #1 tillatast nytta til verksemd som er nødvendig for gjennomføring av veganlegget, lagring m.m. Etablering av knuseverk eller asfaltverk er ikkje tillate. Matjord skal takast av før inngrep og gjenbrukast til istandsetting. Overskudd av matjord skal mellomlagrast i området. Under mellomlagring skal matjord ikkje blandast med andre masser, ikkje komprimeres eller kjøres på.

## **7. Rekkjefølgjeføresegner**

---

Planovergangane på Dovrebana km 275,333 og km 275,635, ved Vik i tettstaden Kvam, skal ikkje stengast for ferdsel før ny tilkoplingsveg mellom gnr. 325/1 og kv. Industrivegen er opparbeidd i samsvar med føresegndene/plankart og opna for normal trafikk.

Nødvendige sikringsgjerde i samsvar med Bane NORs tekniske regelverk, og tiltak i tilknyting til vegen og jernbana, skal oppførast seinast samtidig med at vegane opnast for normal trafikk.